



Isdalstø Næringspark AS
Isdalstøbakken 41
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/18 - 18/13073

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

23.04.2018

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 137/589 Alversund - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 137/589 med adresse Stølen 9A. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er det Isdalstø Næringspark AS som har hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 137/589. Isdalstø Næringspark AS har også som grunneigar det juridiske ansvaret for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett. Det er for anlegg sendt inn 1 prøveanalyse for 2017 som dokumenterer at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp.

Teknisk drift ber Isdalstø Næringspark AS om å sende inn årsrapport av anlegg for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømning** av anlegg i 2017
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får god kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av olje på leidningsnett, pumpestasjoner og til reinseanlegg. Olje som vert ført ut på kommunalt anlegg påfører kommunen aukte drifts- og vedlikehalds kostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Lindås kommune har ikkje motteke årsrapport for anlegg dei siste åra. Det er viktig at Isdalstø Næringspark AS får innarbeida gode vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegg. Dette vil være med på å redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn med anlegg.

Førehandsvarsele om tilsyn:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



